

Rekordframmøte til festivalopninga med Bjella.

05.08.2016



Stein Torleif Bjella roste det mektige dalføre han såg frå scenen.

Om lag 600 var møtt fram på Dønhaug til opningskonserten med Stein Torleif Bjella. Festivaleiar Bjørn Olav Tveit er godt nøgd med publikumstilstrøyminga. Det er som det skulle vera opningskonserten på laurdagen, seier han til Uskedalen.no.

Stein Torleif Bjella er ein sjærmerande og humoristisk artist med glimt i auga. Han har gledd seg til å koma til Uskedalen og han lovpriste det imponerande dalføre med fjella rundt. Han merka seg bygda der hesjane var av trykkimpregnert staur.



Rekordframmøte på festivalopninga i kveld.

Sidan solodebuten i 2009 har Stein Torleif Bjella festa grepet innan ein genre der visepoesi møter humor. Han har mellomn anna motteke Spellemannsprisen og Prøysenprisen. Med denne konserten trur vi Bjella vil vinna mange hjarto i Uskedalen.

Seinare i kveld skal fire grupper på scenen, Mormones, The Dogs, Miss Tati og Timbuktu. Dette lover godt, særleg dersom regnet held seg borte.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal